

Rolf E. Andvik
Bjørkeneset 18
5981 Masfjordnes

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

Bjørkeneset 31.1.2023

KORRIGERT SØKNAD OM DISPENSASJON BYGGING AV NAUST, SAK 092/2022

Eg viser til aktuell sak, klage frå Statsforvaltaren av 6.10.22 og oppsummering etter synfaring frå Masfjorden kommune av 9.12.22 der kommunen anmoda om ein korrigert søknad.

Generelt er det å merke at reguleringsplanen er mangelfull og ikkje klargjerande. Dette gjeld mellom anna bruk av sjøareal. Planen er også delvis motstridande. Dette gjeld byggegrense mot sjø og byggegrense generelt i forhold til talet på naust og storleik på naust.

Tiltakshavar ønskjer å justere dispensasjonssøknaden ut frå klage til Statsforvaltaren og andre merknader.

- Kai («rampe») i regulert friluftsområde vert tatt bort i sin heilheit.
- Betongkai med trebrygge og kaikran vert erstatta av opptrekk og kaipirar.
- Det vert søkt om å dele naustrekka opp i 2 + 1 naust med 1,5 meter avstand mellom nausta slik det er skildra i reguleringsplanen. Det er tidlegare godkjent bygging av fleire enkle naust i naustområda. Eigedomsgrensa for bnr. 97 og 98 må justerast. Vidare vert det søkt om **dispensasjon** frå byggegrensa. Storleik på nausta er i tråd med reguleringsplanen og nausta er plassert slik at det berre er ein smal gangveg bak nausta. Nausta vil vere innafør det regulerte naustområdet. Tiltakshavar kjenner ikkje til at andre naustbyggerar har søkt om dispensasjon for å få bygge pirar og opptrekk. Om det no vert nødvendig, vert det søkt om dispensasjon for også dette.

Vedlagt følgjer skisser og teikningar.

BM har fått løyve av Masfjorden kommune (stadfesta av Statsforvaltaren) til å legge sitt anlegg lenger inn mot land enn ytre grense i reguleringsplan. Det har ført til interessekonflikt mellom nausteigarar og Bjørkeneset Marina (BM). Det var 15.10.22 «meklingsmøte» og vedlegg 3 er referat frå dette møtet. Eigarane av BM opplyste/aksepterte i dette møtet at nausteigarane har rett til å ha båt liggande på sjøen i bøye utanfor naustet i tråd med ordlyd i reguleringsplanen. Bøyer og båtar må heilt eller delvis ligge i området BSB.

Tiltakshavar ønskjer minst mulig konflikt med BM. Det vert difor søkt om **dispensasjon** for å legge ut 2 ombordstingsbrygger på (2x6) meter i staden for pirar som går lengre ut og bøyer. Vedlagte skisser viser at små ombordstigningsbrygger kjem nærmare land enn bøyer. Bøyer m/tau vil vandre meir i sjøen og bruke eit større område enn små ombordstigningsbrygger. Ei slik løysing vil vere det beste for eigarane av BM og andre som skal bruke sjøarealet. Dersom kommunen meier det ikkje kan gjevast dispensasjon, må løysinga bli pirar og bøyer.

Helsing

Rolf E. Andvik

Vedlegg:

- | | |
|-----------|--|
| Vedlegg 1 | Skisser og teikningar naust m/ombordstigningsbrygger. |
| Vedlegg 2 | Skisser og teikningar naust m/pirar og bøyer |
| Vedlegg 3 | Referat frå møte mellom BM og nausteigarar av 15.10.22 |

Kopi: Bjørkeneset Marina v/Vidar Rolland (pr. mail)



1:100 Fasade Nord-Vest



1:100 Fasade Sør-Vest

BIM model ARCHCAD 14 NOR - Fagbeskring, D:Utkvinningsplaner, Dokument, PROSJEKTBYGGPLAN, 2022/22090, Rolf Einar Andvik - Nautrekekt planing, 02/2000, Rolf Einar Andvik - Nautrektek, 0-2 pin

ROLF EINAR ANDVIK M/LEIRE
22065 3 NAUST I REKKE

Fasade Nordvest og sørvest


BYGGEMELDING REV A

BYGGM **BYGGM** **BYGGM** **BYGGM** **BYGGM**
Kongeløkkveien 97
5881 MASF, JORDNES


BYGGM **BYGGM** **BYGGM** **BYGGM** **BYGGM**
KVINSE AS Mob: 458 03 190
Tlf: 56 98 50 20
e-post: post@bnyggm.no

RevID	Dato	Endring	Utskrift dato
REV A	02.05.2022	1:100, 1:1	30.01.2023

Dato: 02.05.2022
Målestokk: 1:100, 1:1
Tegn nr: A40-01
Utskrift dato: 30.01.2023



SNITT B-B



SNITT A-A

Blm model/ArchCAD 14 MOB Flåmsøring D:\ØRKVING\Byggekitten\delmenne\PROSJEKT\Byggekitten\2222222200_Rolf Einar Anvik - Navarekte\teiling\g1222200_Rolf Einar Anvik - Navarekte-02.dwg

ROLF EINAR ANDVIK M/LEIRE
22065 3 NAUST I REKKE



Snitt A og B

BYGGEMLDING REV A

BYGG BØRN KVINNE AS Mob. 456 03 190
Kvinnekvinnen 97 Tlf. 56 36 56 20
5981 MASFJORDNES e-post: post@btkvinneg.no

Dato 02.05.2022 Målestokk 1:100 Tegn nr. A30-01 Utskrift dato 30.01.2023

RevID	Dato	Endring	Komment



SITUASJONSPLAN 1:500

BYGGEMELDING REV A

BIM modell ArchiCAD 14 NOR - Fjgssesring D:08KvnggDsaMaline ddelemente\PROSJEKT\Byggesak\02222060_Rol Einar Andvik - Naustet\Kart\22060_Rol Einar Andvik - Naustet\6-2.m

ROLF EINAR ANDVIK M/LEIRE
22065 3 NAUSTI I REKKE

Situasjonsplan - Terengprofil

BYGGEMELDING AS Mob: 456 03 190
Kringelakkevegen 97 Tlf: 56 36 56 20
5861 MASF. LINDNES e-post: post@bmvng.no

Dato: 02.05.2022 Målestokk: 1:100, 1:500 Tegnr.: A10-01 Utskrift dato: 30.01.2023

Revid	Dato	Endring	Kontroll

3A

Ivar Holmaas

Fra: Ivar Holmaas <ivholma@online.no>
Sendt: onsdag 25. januar 2023 19:54
Til: Ivar Holmaas
Emne: Fwd: Referat frå møtet den 15.10
Vedlegg: Skann_iho003_20221024-092826.pdf

----- Opprinnelig melding -----

Emne:Fwd: Referat frå møtet den 15.10
Dato:01.12.2022 08:03
Fra:Ivar Holmaas <ivholma@online.no>
Til:Johnny Magne Svoren <jsvoren@yahoo.com>

----- Opprinnelig melding -----

Emne:Referat frå møtet den 15.10
Dato:26.10.2022 09:26
Fra:Ivar Holmaas <ivholma@online.no>
Til:Vidar Rolland <vrolland@online.no>, 1965bengt <1965bengt@gmail.com>, 'Geir Haugsvær' <ge.haugsg@gmail.com>, Almst <almst@online.no>, Frank Kvinge <frank.kvinge@masfjorden.kommune.no>, Rolfeandvik <rolfeandvik@gmail.com>, Øystein Gjerde <oystein.Gjerde@eviny.no>, Johnny Magne Svoren <jsvoren@yahoo.com>, Svein Egil Waage <waa@equinor.com>

Vedlagt følger referat frå møtet den 15.10.22. Alle har godkjent referatet.

Til Johnny:

Det var ulike meiningar på møtet. Både forståing av reguleringsplan og kva som var utgangspunktet for å rekne 10-meteren frå land. Det var ikkje semje om desse punkta.

Samstundes var det semje om at bøyene skulle ligge midt i støa og at 10-meteren frå land skulle målast når det var nedfjæra sjø.

Referatet oppsummerer kort det som skjedde på møtet. Vidare avklaringar bør skje i nye møter/direkte dialog.

Mvh
Ivar

REFERAT frå møtet 15.10.2022

Til stades:

Bengt Nilsen, Svein Egil Waage, Geir Haugsvær, Vidar Rolland, Øystein Gjerde, Rolf Einar Andvik, Alf Strand, Frank Kvinge og Ivar Holmaas

Møte:

Sandnes skule laurdag 15.10.22 kl. 1100

Sak:

Konflikt/usemje mellom fleirtalet av eigarane av Bjørkeneset Marina og fleirtalet av eigarane av naust/nausttomtar i naustområdet N2 i forhold til retten til å legge ut bøyer.

Dette skjedde på møtet:

Ivar Holmaas informerte om at styret i Bjørkeneset hyttelag var forhindra frå å møte. Leiar i hyttelaget hadde informert om dette fredag. Han ønskte at Ivar laga referat. I møtet opplyste Ivar at han kunne lage utkast til kort referat som alle ville få til godkjenning, endring og/eller inntak av merknader frå kvar enkelt. Ingen hadde merknader til dette.

I møtet gav dei ulike uttrykk for si vurdering av situasjonen og saka. Det kom fram at det var ulike syn på korleis reguleringsplanen skulle forståast, kva rettar dei ulike interessentane hadde og kva verknad Statsforvaltar si avgjer om å oppretthalde godkjenning av plassering av Bjørkeneset Marina hadde i forhold til tvistesporssmålet i saka.

Konklusjon:

- Partane var samde om at nausteigarane hadde rett til å legge ut bøyer utanfor sine naust. Det var også semje om at desse bøyene kunne ligge 10 meter frå land, målt på normal vasstand ved fjære sjø, midt i stoa.
- Det var også semje om at direkte dialog og samtalar er ei betre og meir hensiktsmessig kommunikasjonsform for å unngå problem, enn ulike klageprosessar. Og at dette i framtida var ønskjeleg i størst mogeleg grad.



Ivar Holmaas

referent